

— 27 —

*jacht* (sume' ogso dansk *jekt*) for *ek* (o: eg), *høra* for *höyra*, *mer* for *meir* og dilikt. Det svenske maalet fekk paa denne tidi ein ny studnad, umfram den sterke adelen, og det var *Birgitta-ordenen*, ein svensk klosterorden, stadfest i 1379. Ordenen hadde moderklostret sitt i Vadstena paa austsida av Vettern; munkarne og nonnorne trøytt tidi med handarbeid, studering, avskrivning og gudstenesta paa morsmaalet. Denne ordenen kom snart til hög æra; pilegrimar vandra til Vadstena i store skarar; og ikkje lenge varde det fyrr det vart grunnlagt Birgitta-kloster i mange land. Her i landet vart Munkeliv i Bergen i 1421 umgjort til eit Birgitta-kloster, som byrja med munkar og nonnor fraa Norig, Sverike og Danmark. Birgittinarne skreiv mykje, men dei kunde ikkje halda dei tri maali ser eller skriva deim reint, og det kom daa upp eit underlegt blandingsmaal av (mest) svensk, dansk og (minst) norsk, som er kalla *birgittin-maal* og som i det 15de hundr. breidde seg mykje her i landet og hjelpte til aa skjemma det norske bokmaalet.

Umkring 1450 er her likevel endaa eit norsk bokmaal, og dette bokmaalet kann me fylgja i brevriket alt inn i det 16de hundr. Hadde Norig kome seg fri fraa samlaget med grannelandi i tidi 1450—1500, vilde dette bokmaalet ha soge kraft til seg paa sin eigen grunn og halde seg norsk, til dess det hadde reist seg til ny vokster i den oppgangstid for modersmaali som kom med kyrkjeumboti. Men annars stod det ikkje likare til med det norske bokmaalet i desse tider, enn at eit varigt samband med Sverike eller Danmark maatte enda med at svensk eller dansk vart bokmaal i Norig.

Det stod eit lite bil paa hekte at svensken skulde vinna. Den svenske konge Karl Knutsson vart